



MANDAT FOR ARBEIDSGRUPPE

- SAMANSLÅING AV KOMMUNANE GRANVIN OG VOSS, ORGANISERING AV TENESTER I KOMMUNALAVDELING OPPVEKST

Versjon 1.0

Dato 27.9.2017

Namn på arbeidsgruppa: Organisering av tenester i kommunalavdeling oppvekst frå 1.1.2020.

Bakgrunn og overordna mål for prosjektet

Granvin herad og Voss kommune skal gjennom ein samanslåingsprosess, saman skal me byggja Nye Voss herad. I den samanheng skal alle sider ved drifta vurderast på nytt.

Fellesnemnda har slutta seg til styringsdokument og ein overordna prosjektplan for etablering av Nye Voss i 2020. Det er bestemt at det skal opprettast arbeidsgrupper etter organisering av tenestene i Voss kommune. Innan oppvekst gjeld då dette følgjande tenester: barnehage, grunnskule inklusiv skulefritidsordning, barnevern, helsestasjons- og skulehelseteneste, pedagogisk-psykologisk tenestekontor, integrering og vaksenopplæring, inklusiv flyktingtenester og logopeditenester, og leirskule.

I tillegg er det i Voss kommune vedteke at barnevern, helsestasjons- og skulehelsetenesta og PPT-kontoret på Voss skal samorganiserast når dei blir samlokalisert. I den samanheng må desse tenestene gjennom ein prosess før vi bestemmer korleis den nye tenesta skal organiserast. Deira arbeidsprosessar må også sjåast i samanheng med endra samhandlingsflater for barnehagar og grunnskular. Utgreiing av dette arbeidet vil bli setjast i gang straks men underordnast det overordna arbeid med organisering av kommunalavdelinga.

Konkrete mål for arbeidet

- Skapa ei funksjonell organisering av tenestene for barn og unge i Nye Voss.
- Målsetjingane må bygge på gjeldande kommuneplanar i dei to kommunane. Voss har i tillegg vedteke ein Oppvekstplan for perioden 2015 - 2018 som konkretiserer og utdjupear målsetjingar i kommuneplanen.

Oppgåveskildring

- Lage framlegg til korleis tenester for barn og unge skal organiserast i nye Voss.
- Få oversikt over alle rutinar og reglement i dei to kommunane som må koordinerast og vedtakast på nytt, eit kartleggingsdokument
- Prioritere omfang på prosess for dei ulike retningsliner mv. og vurdere kva som er viktigast å få på plass først, laga oversikt på kva som skal vedtakast av fellesnemnda og kva som kan vedtakast administrativt.
- Gi innspel til kommuneplanarbeidet



Nye Voss 2020

- Lage milepælsplan for arbeidet

Organisering av arbeidsgruppa

- Prosjekteigar Administrativ styringsgruppe/Prosjektleder for nye Voss
- Styringsgruppe Leiargruppe for Granvin herad og Voss kommune
- Leiar for arbeidsgruppa Kommunalsjef i Voss kommune Else Berit Kyte
- Arbeidsgruppe 1 representant frå adm. Rådgjevar Knud Erik Gissel
1 representant frå barnehage, styrar Turid Kvitne
1 representant frå grunnskule, rektor Rigmor Hanssen
1 representant frå stab oppvekst, Elin Klette

2 representant for tillitsvalde, Olaug Kyte, Fagforbundet og Rune Magnar Røthe, Utdanningsforbundet

Gruppa vel sjølv referent, Elin Klette

- Undergrupper Arbeidsgruppa opprettar undergrupper etter behov. Førstils tilrå vi følgjande arbeidsgrupper:
 - Barnehage; Frøydis Solbakk (leiar), Anne-Line Mæland, Åse Ringheim Svane
 - Grunnskule, inkl. skulefritidsordning, Rigmor Hanssen (leiar), Eyvind Eidhammer, Kari Dregelid
 - Støttetenester for barn og unge. Fleirfagleg, førebyggjande avdeling samarbeid, Elin Klette (leiar), Martha Egdetveit, Charlotte Warholm Larsen, Trine Hesjedal, Stig O Sæthre og Oddmund M. Berge
 - Oppvekst og IKT-løysingar; Ruth Jørgensen (leiar), Kim Andre Vaksdal, Rune Magnar Røthe

Kvar arbeidsgruppe skal sjå på praksis i sine arbeidsgrupper og kome med framlegg til rutinar og reglar for sitt arbeidsfelt.

- Referansegruppe: Tilsette ved dei tenestene som blir råka av framtidig organisering. Referat frå møta skal publiserast på intranetta til Granvin og Voss. Tilsette kan kome med innspel under prosessen. Desse kan spelast inn via chatfunksjon på intranett

Rammevilkår

Tidsramme:

frå 1. august 2017 – til 31. desember 2019

Hovudmilepælar:

Start prosjekt	1.8.2017
Godkjend mandat	1.9.2017
Tidsplan/aktivitetsplan i delprosjektet	1.11.2017
Kartleggingsdokument	1.9.2018
Overordna administrativ og politisk organisasjonsstruktur	1.9.2018
Organisering av tenesta innan oppvekst	1.12.2018



Nye Voss 2020

Saker som skal til politisk behandling,
ferdig frå gruppa, seinast. 1.12.2018
Sluttrapport 1.12.2019

Kostnadsramme: Det er ikkje budsjettert med investerings- eller direkte kostnader. Ressursinnsatsen er basert på at deltakarane i prosjektet får frigjord tid til å jobba med denne oppgåva.

Oppfølging av arbeidet

Kostnader: Det er ikkje budsjettert kostnader i prosjektet utover tid for prosjektdeltakarane.

Ressursbruk: Det vert ført timerekneskap for dette prosjektet. Omkostninga skal synleggjerast for fellesnemnda.

Rapportering: Det skal vera eit oppstartsmøte mellom prosjekteigar og leiar for arbeidsgruppa i samband med godkjenning av mandat for arbeidsgruppa . Det skal rapporterast slik til prosjekteigar:

Status/ Internt notat:

Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.1.2018
Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.4.2018
Status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.10.2018
Utvida status/ Skriftleg notat til prosjekteigar frå arbeidsgruppene 1.04.2019

1

Avvik frå tidsplanar, og faglege/administrative avgjerder som ligg utanfor prosjektet sitt ansvarsområde skal behandlast av prosjekteigar.

Dato: _____

Dato: _____

Sign.: _____

Sign.: _____

Prosjekteigar

Prosjektleiar